*Statistisk ukehefte*

S T A T I S T I S K   S E N T R A L B Y R Å

Nr. 29 - 3. årgang    Oslo, 19. juli 1962

I N N H O L D

Konsumprisindeksen pr. 15. juni 1962

Utenrikshandelen i juni 1962. Foreløpige tall

Emisjoner av ihendehaverobligasjoner i juni 1962

Personlige skattytere etter inntekts- og formuestrinn ved likningen for inntektsåret 1960

Jordbruksteljinga 1959. Bruk med jordbruksareal som i tida 1949-1959 er blitt borte frå jordbruket, endringar i bruksstrukturen m.m.

Tillegg til de internasjonale månedstabeller i Statistisk månedshefte nr. 6, 1962

*Statistisk Sentralbyrå bes oppgitt som kilde ved alle gjengivelser av oppgaver fra dette hefte.*

## Konsumprisindeksen pr. 15. juni 1962 (1959 = 100)

(Forrige månedsmelding ble offentliggjort i SU nr. 25, 1962)

Statistisk Sentralbyrås konsumprisindeks pr. 15. juni har steget 0,3 poeng fra måneden før, fra 107,5 til 107,8.

Indekstallet for hovedgruppen matvarer er uendret, 108. Av undergruppene har indekstallet for poteter, grønnsaker, frukt og bær steget 2,7 prosent, for kaffe og te 1,1 prosent og for fisk og fiskevarer og for egg 0,9 prosent.

Indekstallene for de andre hovedgruppene er også uendret. Av undergruppene har indekstallet for brensel steget 1,0 prosent, mens indekstallet for møbler og utstyrsvarer har falt 1,0 prosent.

Indekstall 1959 = 100

| | Mai 1961 | Juni 1961 | Mai 1962 | Juni 1962 |
|---|---|---|---|---|
| Matvarer ............................. | 100 | 100 | 108 | 108 |
| Alkoholholdige drikkevarer .............. | 102 | 102 | 111 | 111 |
| Tobakk ................................ | 105 | 105 | 107 | 107 |
| Bolig, lys og brensel .................. | 105 | 105 | 108 | 108 |
| Klær og skotøy ........................ | 102 | 102 | 105 | 105 |
| Andre utgifter ........................ | 104 | 104 | 108 | 108 |
| Total ................................. | 102,2 | 102,5 | 107,5 | 107,8 |

## Utenrikshandelen i juni 1962. Foreløpige tall

Statistisk Sentralbyrås foreløpige oppgaver over verdien av utenrikshandelen uten skip i juni 1962 viser en innførsel på 862 mill. kr. og en utførsel på 535 mill. kr. De tilsvarende tall for mai var 916 mill. kr. og 514 mill. kr.

I juni 1961 viste oppgavene over verdien av utenrikshandelen uten skip en innførsel på 840 mill. kr. og en utførsel på 512 mill. kr.

## Emisjoner av ihendehaverobligasjoner i juni 1962

(Forrige månedsmelding ble offentliggjort i SU nr. 25, 1962)

Ifølge Statistisk Sentralbyrås kredittmarkedstatistikk ble det i juni emittert[1] ihendehaverobligasjoner for i alt 114,0 mill. kr., mot for 111,9 mill. kr. i samme måned i fjor.

Av de emitterte statsobligasjoner på 25,2 mill. kr. overtok forsikringsselskaper for 12,4 mill. kr. (4½ og 5 prosent 1962), Postsparebanken for 10,0 mill. kr. (5 prosent 1962) og sparebanker for 2,8 mill. kr. (4½ og 5 prosent 1962). Kredittforeninger o.l. emitterte for 50,8 mill. kr., Midt-Telemark Kraftlag for 20,0 mill. kr. og Bergen kommune for 15,0 mill. kr.

Emitterte ihendehaverobligasjoner. Mill. kr.

| Låntakere | 1961 | | 1962 | |
|---|---|---|---|---|
| | Juni | Jan.-juni | Juni | Jan.-juni |
| Statskassen ...................... | 28,9 | 375,4 | 25,2 | 275,9 |
| Kommunekasser .................... | 0,9 | 35,2 | 15,0 | 41,0 |
| Kredittforeninger o.l. ........... | 28,7 | 194,0 | 50,8 | 140,8 |
| Herav realkredittforeninger ... | 3,7 | 91,9 | 6,1 | 29,7 |
| Statsforetak ..................... | - | - | - | 75,0 |
| Kommuneforetak ................... | 53,4 | 82,4 | 20,0 | 81,7 |
| Andre ............................ | - | 81,5 | 3,0 | 38,0 |
| I alt ............................ | 111,9 | 768,5 | 114,0 | 652,4 |

1) Første gangs salg av obligasjoner i norske kroner.

## Personlige skattytere etter inntekts- og formuestrinn ved likningen for inntektsåret 1960

Inntektsoppgavene er ikke direkte sammenliknbare med tilsvarende oppgaver fra likningen for inntektsåret 1959. Dette skyldes at det fra og med likningen for inntektsåret 1960 under visse betingelser er innført adgang til særskilt likning av ektefeller når det gjelder inntektsskatt. Ved særskilt likning blir ektefellene behandlet som to selvstendige skattytere. I skattestatistikken for tidligere år ble derimot ektefeller behandlet som en skattyter. I tabellen over personlige skattytere fordelt etter inntektstrinn er det en kraftig nedgang i tallet på skattytere med inntekter mellom kr. 25 000 og kr. 40 000 i forhold til 1959, mens det er en kraftig øking i tallet på skattytere med inntekter fra kr. 14 000 til kr. 20 000. En må anta at dette skyldes overgang til særskilt likning av ektepar.

Regelen om særskilt likning for ektepar kommer ikke til anvendelse ved utlikning av formuesskatten. Den samlede formue for ektefellene skal ved særskilt likning føres på en av ektefellene, mens den andre ektefelle ikke får noen formue. Fordelingen etter formuestrinn skulle derfor være sammenliknbar med tilsvarende tall for 1959, med unntak av trinnet ingen antatt formue. Her vil tallet på skattytere etter regelen om særskilt likning av ektefeller øke en del.

Tabell 1. Innenbygds (-bys) personlige skattytere etter inntektstrinn. Inntektsåret 1960

| Inntektstrinn | Tallet på skattytere | Tallet på skatt-ytere i pct. | Antatt inntekt 1) | Antatt inntekt i pct. | Antatt formue 2) | Inntektsskatter: Ordinær inntekts-skatt til kommune | Inntektsskatter: Tilleggs-skatt til kommune | Inntektsskatter: Inntekts-skatt til stat | Inntektsskatter: I alt | Prosentvis endring fra 1959 i tallet på skattytere | Prosentvis endring fra 1959 i antatt inntekt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Mill.kr. | | Mill.kr. | Mill.kr. | Mill.kr. | Mill.kr. | Mill.kr. | | |
| Ingen antatt inntekt | 52 628 | 3,7 | . | - | 1 394,5 | - | - | - | - | + 10,9 | - |
| 800 - 1 900 ... | 38 833 | 2,7 | 58,5 | 0,3 | 97,5 | 5,5 | - | - | 5,5 | - 1,1 | - 0,5 |
| 2 000 - 3 900 ... | 137 263 | 9,5 | 412,3 | 2,5 | 672,7 | 43,1 | - | - | 43,1 | + 2,5 | + 2,5 |
| 4 000 - 5 900 ... | 155 626 | 10,8 | 769,1 | 4,7 | 1 200,7 | 87,3 | - | 8,3 | 95,6 | + 2,2 | + 2,0 |
| 6 000 - 7 900 ... | 154 381 | 10,7 | 1 069,1 | 6,5 | 1 465,0 | 130,9 | - | 24,0 | 154,9 | + 2,1 | + 1,8 |
| 8 000 - 9 900 ... | 147 872 | 10,3 | 1 323,3 | 8,1 | 1 536,6 | 170,3 | - | 37,5 | 207,8 | - 0,9 | - 1,0 |
| 10 000 - 11 900 ... | 157 958 | 11,0 | 1 729,4 | 10,5 | 1 646,5 | 225,6 | - | 51,1 | 276,7 | + 1,7 | + 1,6 |
| 12 000 - 13 900 ... | 160 542 | 11,2 | 2 075,6 | 12,6 | 1 732,6 | 272,4 | - | 65,1 | 337,5 | + 4,3 | + 4,4 |
| 14 000 - 15 900 ... | 135 183 | 9,4 | 2 013,8 | 12,3 | 1 698,5 | 265,3 | - | 65,8 | 331,1 | + 16,2 | + 16,3 |
| 16 000 - 17 900 ... | 93 530 | 6,5 | 1 577,8 | 9,6 | 1 422,2 | 210,8 | - | 57,4 | 268,2 | + 21,1 | + 21,2 |
| 18 000 - 19 900 ... | 60 907 | 4,2 | 1 147,9 | 7,0 | 1 154,0 | 154,8 | - | 48,6 | 203,4 | + 17,2 | + 16,9 |
| 20 000 - 24 900 ... | 77 556 | 5,4 | 1 710,7 | 10,4 | 2 120,4 | 230,8 | 0,4 | 91,4 | 322,6 | + 8,3 | + 8,0 |
| 25 000 - 29 900 ... | 29 767 | 2,1 | 806,6 | 4,9 | 1 331,6 | 110,5 | 1,7 | 58,7 | 170,9 | - 9,1 | - 9,3 |
| 30 000 - 39 900 ... | 21 557 | 1,5 | 733,9 | 4,5 | 1 576,8 | 99,7 | 4,9 | 77,0 | 181,6 | - 8,5 | - 8,3 |
| 40 000 - 49 900 ... | 7 721 | 0,5 | 340,7 | 2,1 | 929,6 | 45,9 | 3,7 | 52,1 | 101,7 | - 3,6 | - 3,8 |
| 50 000 - 69 900 ... | 5 408 | 0,4 | 312,5 | 1,9 | 999,3 | 41,9 | 4,5 | 68,2 | 114,6 | + 3,9 | + 4,6 |
| 70 000 - 99 900 ... | 1 947 | 0,1 | 158,2 | 0,9 | 635,2 | 20,7 | 3,1 | 46,9 | 70,7 | + 3,4 | + 3,4 |
| 100 000 og over ... | 1 128 | 0,0 | 195,3 | 1,2 | 1 226,5 | 24,5 | 4,9 | 83,0 | 112,4 | - 3,2 | - 6,3 |
| I alt ............. | 1 439 807 | 100,0 | 16 434,7 | 100,0 | 22 840,2 | 2 140,0 | 23,2 | 835,1 | 2 998,3 | + 4,9 | + 5,4 |

1) Antatt inntekt ved statsskattelikningen for de skattytere som har inntektsskatt til staten, antatt inntekt ved kommuneskattelikningen for de andre.

2) Antatt formue ved statsskattelikningen for de skattytere som har formuesskatt til staten, antatt formue ved kommuneskattelikningen for de andre.

Tabell 2. Innenbygds (-bys) personlige skattytere etter formuestrinn. Inntektsåret 1960

| Formuestrinn | Tallet på skattytere | Tallet på skattytere i pct. | Antatt formue[1)] | Antatt formue i pct. | Antatt inntekt[2)] | Formuesskatt | | | Prosentvis endring fra 1959 i tallet på skattytere | Prosentvis endring fra 1959 i antatt formue |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Kommune | Stat | I alt | | |
| | | | Mill.kr. | | Mill.kr. | Mill.kr. | Mill.kr. | Mill.kr. | | |
| Ingen antatt formue.. | 832 764 | 57,8 | - | - | 8 446,6 | - | - | - | + 4,4 | - |
| 5 000 - 9 000 ... | 116 739 | 8,1 | 866,1 | 3,8 | 1 274,2 | 1,2 | - | 1,2 | + 2,7 | + 2,8 |
| 10 000 - 15 000 ... | 139 291 | 9,7 | 1 707,3 | 7,5 | 1 490,3 | 4,0 | - | 4,0 | + 5,9 | + 5,9 |
| 16 000 - 19 000 ... | 62 180 | 4,3 | 1 083,1 | 4,7 | 682,6 | 3,0 | 0,1 | 3,1 | + 10,5 | + 10,6 |
| 20 000 - 25 000 ... | 63 881 | 4,4 | 1 418,2 | 6,2 | 695,8 | 4,3 | 0,2 | 4,5 | + 8,5 | + 8,6 |
| 26 000 - 49 000 ... | 121 157 | 8,4 | 4 243,3 | 18,6 | 1 588,8 | 13,2 | 3,9 | 17,1 | + 7,3 | + 7,0 |
| 50 000 - 99 000 ... | 64 111 | 4,5 | 4 381,6 | 19,2 | 1 075,3 | 14,1 | 12,0 | 26,1 | + 1,0 | + 0,3 |
| 100 000 - 199 000 ... | 27 643 | 1,9 | 3 754,2 | 16,4 | 629,3 | 11,6 | 19,7 | 31,3 | + 3,8 | + 4,3 |
| 200 000 - 299 000 ... | 6 177 | 0,4 | 1 481,2 | 6,5 | 198,2 | 4,0 | 11,1 | 15,1 | + 2,2 | + 2,2 |
| 300 000 - 499 000 ... | 3 606 | 0,3 | 1 347,8 | 5,9 | 153,3 | 3,1 | 13,0 | 16,1 | + 4,9 | + 4,7 |
| 500 000 og over ..... | 2 258 | 0,2 | 2 557,4 | 11,2 | 200,3 | 4,7 | 37,3 | 42,0 | + 3,5 | + 2,3 |
| I alt .............. | 1 439 807 | 100,0 | 22 840,2 | 100,0 | 16 434,7 | 63,2 | 97,3 | 160,5 | + 4,9 | + 4,3 |

1) Antatt formue ved statsskattelikningen for de skattytere som hadde formuesskatt til staten, antatt formue ved kommuneskattelikningen for de andre.

2) Antatt inntekt ved statsskattelikningen for de skattytere som hadde inntektsskatt til staten, antatt inntekt ved kommuneskattelikningen for de andre.

Jordbruksteljinga 1959

## Bruk og jordbruksareal som i tida 1949-1959 er blitt borte frå jordbruket, endringar i bruksstrukturen m.m.

Statistisk Sentralbyrå har i samband med Jordbruksteljinga 1959 utarbeidd eit oversyn over tilgang og avgang av jordbruksareal, endringar i bruksstrukturen m.m. i tidsrommet 1949-1959.

I dette oversynet reknar ein med at jordbruket omfattar bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Bruk som i 1949 hadde over 5 dekar jordbruksareal, men som sidan er reduserte til under 5 dekar eller er blitt heilt borte som særskilde brukseiningar, er såleis rekna som avgang i brukstalet. Tilsvarande er nyskipa bruk og bruk som har gått opp frå under til over 5 dekar, rekna som tilgang.

Som avgang i arealet er rekna areal som er avstått til ikkje jordbruksmessige føremål (tomter, vegar m.m.) og anna areal som ikkje lenger vert drive jordbruksmessig (areal som ligg unytta m.m.). Avgangen skriv seg både frå bruk som har gått ut av jordbruket (bruk som er reduserte til under 5 dekar eller blitt heilt borte) og frå bruk som framleis er over 5 dekar. Tilgang i jordbruksarealet skjer for det meste ved nydyrking og kan skriva seg både frå nye og eldre bruk.

Jordbruket, slik det er definert her (bruk over 5 dekar), har såleis tilgang av nye bruk og nytt jordbruksareal og likeeins avgang av bruk og jordbruksareal. Når det gjeld brukstalet er det avgangen som har dominert utviklinga i 10-årsperioden.

I tillegg til den "ytre omsetninga" er det også ei "indre omsetning" av areal i jordbruket. Det vil seia at bruka kjøper og leiger jordbruksareal av kvarandre. Dette fører til at sume bruk minkar og andre aukar. Dersom eit bruk sel eller leiger bort så mykje til eit anna bruk at det har att mindre enn 5 dekar, vil vedkomande bruk bli registrert som gått ut av jordbruket, medan arealet blir registrert som jordbruksareal til eit anna bruk. Dette er t.d. tilfelle ved forpakting dersom eigaren sit att med hage og evt. skog. Dersom den bortpakta jorda ikkje vert driven saman med eit anna bruk, blir det registrert som eit nytt bruk. Ein ser såleis at forpakting i det eine tilfelle fører til både avskiping og nyskiping av bruk, medan ein i det andre tilfelle får avskiping av eit bruk og utviding av eit anna. Dersom heile jordbruksarealet på bruket er bortpakta, vert det rekna som ordinært brukarskifte utan avskiping og nyskiping av bruk. (Bruka blir registrert etter brukartilhøve og ikkje etter eigartilhøve.)

For å visa endringar i storleiken på bruk over 5 dekar er desse kryssgruppert etter jordbruksarealet i 1949 og 1959.

Mange av desse oppgåvene er ikkje så sikre som ein kunna ynskja. For dei fleste objekta har ein ikkje tilsvarande oppgåver frå tidlegare år. Ein vantar difor den kontrollen ein elles får ved samanlikning med eldre oppgåver. Det gjer og sitt at det er visse endringar i opplegget til 1959-teljinga i høve til 1949-teljinga.

Bruk som i 1949 hadde over 5 dekar jordbruksareal, men som sidan er blitt borte som særskilde brukseiningar eller er reduserte til under 5 dekar

Oppgåver over bruk med over 5 dekar jordbruksareal som er blitt borte som særskilde brukseiningar etter 1949 er innsamla på særskilde skjema i samband med 1959-teljinga. For dei bruka som er reduserte til under 5 dekar, har ein oppgåver over avgang i arealet på dei ordinære teljingsskjema.

Tabell 1 gjev eit oversyn for heile landet over talet på bruk som har vorte borte frå jordbruket og korleis det har gått med jordbruksarealet dei hadde i 1949.

Tabell 1. Bruk som har blitt borte frå jordbruket og korleis jordbruksarealet dei hadde i 1949 er nytta

| | Blitt borte som særskilde brukseiningar | Reduserte til under 5 dekar | I alt |
|---|---|---|---|
| Brukstal | 9 622 | 10 606 | 20 228 |
| Areal i dekar: | | | |
| Jordbruksareal 1949 (utan utslåtter) | 259 200 | 278 600 | 537 800 |
| Dette arealet har gått til: | | | |
| Jordbruksareal ved andre bruk | 157 800 | 220 300 | 378 100 |
| Tomter, vegar, idrettsanlegg m.v. | 28 200 | 28 300 | 56 500 |
| Skog | 6 200 | 1 700 | 7 900 |
| Annan avgang | 67 000 | 4 100 | 71 100 |
| Jordbruksareal 1959 ved dei reduserte bruka | • | 24 200 | 24 200 |

Det er i alt 9 622 bruk som er blitt heilt borte, medan 10 606 er reduserte til under 5 dekar. Gjennomsnittsstorleiken i 1949 var om lag den same for dei to gruppene (27 og vel 26 dekar), men fordelinga etter storleik var ulik. Fylgjande oppstilling viser bruka prosentvis fordelt etter storleik i 1949:

| | 5,1 - 10 da. | 10,1 - 35 da. | 35,1 - 100 da. | Over 100 da. | I alt |
|---|---|---|---|---|---|
| Blitt borte | 20 | 59 | 19 | 2 | 100 |
| Redusert til under 5 dekar | 34 | 48 | 14 | 4 | 100 |

Det er relativt fleire under 10 dekar og over 100 dekar av dei bruka som er reduserte enn av dei som er blitt heilt borte. Dette kjem av at det mellom dei reduserte bruka er relativt mange forpaktingar på større bruk og relativt mange små bruk som er reduserte til under 5 dekar ved fråsal av tomter m.v.

Av arealet er i alt 378 000 dekar eller 70 prosent (61 prosent ved dei bruka som er blitt borte og 79 prosent ved dei reduserte) gått til andre bruk ved sal eller bortleige. Dette er areal som framleis vert drive som jordbruksareal. I Østfold og Vestfold vert 85 prosent av arealet drive av andre bruk. Over 80 prosent er det også i Hedmark og Oppland. I resten av fylka på Austlandet og i Trøndelag er det mellom 70 og 80 prosent. Relativt minst er det i Finnmark med vel 20 prosent. Elles er det under 50 prosent også i Nordland og Troms.

Knapt 57 000 dekar eller vel 10 prosent har gått til tomter, vegar, idrettsanlegg, flyplassar og liknande føremål.

"Annan avgang" er i første rekkje areal som ligg unytta. 71 000 dekar eller 13 prosent av arealet kjem i denne gruppa. Det aller meste av dette arealet (67 000 dekar) skriv seg frå bruk som er blitt borte som særskilde einingar. Desse bruka er anten fråflytta, eller dei er framleis bustader utan at jordbruksarealet blir nytta. I Nordland, Troms og Finnmark utgjer "annan avgang" 40 - 50 prosent av arealet. I Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er det om lag 20 prosent og i Agder 15 prosent. I dei fleste andre fylka er det under 10 prosent og i Østfold og Vestfold mindre enn 2 prosent.

24 000 dekar blir framleis nytta som jordbruksareal ved dei bruka som er reduserte til under 5 dekar. Dei fleste av desse bruka er anten mellombels eller varig gått over til å bli bustadbruk, villahagar o.l.

Av dei 9 622 bruka som er blitt borte som særskilde brukseiningar, er det 5 286 som har avstått jordbruksareal til andre bruk (gjennomsnittleg 30 dekar pr. bruk). 1 150 bruk har avstått areal til tomter, vegar, idrettsplassar o.l. (gjennomsnittleg 25 dekar), og 294 bruk har avstått areal til skog. 3 201 bruk har hatt "annan avgang" (gjennomsnittleg 21 dekar). Det er altså få bruk (ca. 300 eller 3 prosent) som har avstått areal til meir enn eitt føremål.

Av dei 10 606 bruka som er reduserte til under 5 dekar er det 7 533 som har avstått jordbruksareal til andre bruk (gjennomsnittleg 29 dekar), 3 540 har avstått areal til tomter, vegar o.l. (gjennomsnittleg 8 dekar), og 250 har avstått areal til skog. 443 har hatt "annan avgang". Om lag 1 200 eller 11 prosent har avstått areal til meir enn eitt føremål.

Medan dei bruka som er blitt borte eller er reduserte til under 5 dekar hadde eit gjennomsnittleg jordbruksareal (utslåtter ikkje medrekna) på knapt 27 dekar i 1949, var gjennomsnittet 47 dekar for alle bruk over 5 dekar.

Jordbruksareal som er blitt borte frå jordbruket (bruk over 5 dekar) i perioden 1949-1959

Dei 4 siste linjene i tabell 1 viser jordbruksareal som har gått bort frå jordbruket i perioden 1949-1959 ved at bruk er blitt borte som særskilde bruks-einingar eller er reduserte til under 5 dekar. Dette arealet utgjer 160 000 dekar eller 30 prosent av arealet som desse bruka hadde i 1949. Resten av arealet (378 000 dekar) har som vist i tabell 1 gått til andre gardsbruk. Jordbruks-arealet i 1959 ved dei reduserte bruka, 24 000 dekar (siste linje i tabell 1), er rekna som gått til tomter, då desse bruka no kjem i klasse med andre bruk under 5 dekar.

I tillegg til dei 160 000 dekar som har gått bort frå jordbruket ved bruka som er reduserte til under 5 dekar eller blitt borte, kjem også areal som har gått bort frå bruk med meir enn 5 dekar jordbruksareal i 1959. Dette utgjorde i alt 373 000 dekar. Tabell 2 gjev eit oversyn over total tilgang og avgang av jordbruksareal i perioden 1949-1959.

Tabell 2. Tilgang og avgang i jordbruksarealet ved bruk over 5 dekar 1949-1959

| | | |
|---|---|---|
| Jordbruksareal 1949 (utan utslåtter) | | 10 055 000 dekar |
| Tilgang 1949-1959 | | 509 000 dekar |
| Avgang 1949-1959: | | |
| Sal, bortleige o.l. til tomter, vegar o.l. | 180 000 dekar | |
| Brukt til skog | 32 000 " | |
| Annan avgang | 321 000 " | |
| Avgang i alt | | 533 000 dekar |
| Jordbruksareal 1959 | | 10 031 000 dekar |

"Annan avgang" i tabell 2 gjeld areal som i perioden er nytta til hus-tomter, vegar m.v. på eige bruk. Tap av jordbruksareal ved ras, flaum og andre naturkatastrofar er og med. Det same gjeld areal som varig har gått ut ved at det ligg unytta. Denne posten blir dessutan påverka av moglege omvurderingar av arealstorleiken sidan 1949, t.d. etter oppmåling, og må difor bli usikker. Det let seg ikkje gjera å rekna ut kor mykje av "annan avgang" som skriv seg frå slik omvurdering.

I 10-årsperioden er 180 000 dekar jordbruksareal avstått til tomter, vegar, idrettsanlegg, flyplassar m.v. Ein del av tomtearealet blir brukt til hagar m.v. og kjem att som jordbruksareal ved bruk under 5 dekar. Også ein del av arealet som går til flyplassar blir dyrka på nytt og drive som jordbruksareal.

I Hedmark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark har avgangen av jordbruksareal vore mindre enn tilgangen i 10-års perioden. I desse fylka var det såleis større jordbruksareal ved bruka over 5 dekar i 1959 enn i 1949. I dei andre fylka har avgangen vore større enn til-gangen.

## Bruka gruppert etter jordbruksareal i 1949 og 1959

Dei ordinære teljingsoppgåvene til Jordbruksteljinga 1959 gav opplysningar om tilgang og avgang i jordbruksareal på dei einskilde bruk i perioden 1949-1959. På grunnlag av desse oppgåvene og oppgåvene over bruk som i 10-års-perioden er blitt borte som særskilde brukseiningar, har ein fått høve til å kryssgruppera bruka etter storleiken på jordbruksarealet i 1949 og 1959. Tabell 3 syner denne grupperinga for bruk over 5 dekar. Det er nytta tre storleiksgrupper: 5,1 - 35 dekar, 35,1 - 100 dekar og over 100 dekar.

Tabell 3. Bruka kryssgruppert etter jordbruksareal i 1949 og 1959

| | Brukstal 1949 | | | Nye bruk 1949-1959[1) | Bruk i alt 1959 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 5,1-35 da. | 35,1-100 da. | over 100 da. | | |
| Brukstal 1959 ( 5,1 - 35 dekar | 94 309 | 5 959 | 125 | 3 628 | 104 021 |
| Brukstal 1959 (35,1-100 " | 8 832 | 62 295 | 2 256 | 552 | 73 935 |
| Brukstal 1959 ( over 100 " | 110 | 2 247 | 17 858 | 144 | 20 359 |
| Blitt borte som særskilde brukseiningar sidan 1949 .. | 7 601 | 1 841 | 180 | . | . |
| Jordbruksarealet redusert til under 5 dekar sidan 1949 .. | 8 696 | 1 489 | 421 | . | . |
| | | | | | 198 315 |
| Bruk i alt 1949 ............ | 119 548 | 73 831 | 20 840 | . | 214 219 |

1) Gjeld både heilt nye bruk og bruk der jordbruksarealet har auka frå under 5 dekar i 1949 til over 5 dekar i 1959.

Dei tala som er understreka, gjeld bruk som var i same storleiksgruppe i 1949 og 1959. Også desse kan ha hatt endring i jordbruksarealet i perioden, men endringane har i tilfelle ikkje vore så store at bruka har gått over til anna storleiksgruppe. Særleg tala for nye bruk og bruk som er reduserte til under 5 dekar, kan vera sterkt påverka av forpaktingstilhøve.

Ein må elles vera merksam på at i 1949 vart utslåtter rekna med i jordbruksarealet, medan dei ikkje vart rekna med i 1959. Hausting av utslåtter har gått så sterkt tilbake sidan 1949 at ein ikkje fann grunn til å rekna dei med i jordbruksarealet i 1959. Litt hausting av utslåtter var det likevel også i 1959, og nokre bruk kjem difor i lågare bruksklasse i 1959 enn dei hadde gjort om utslåttene hadde vore medrekna. I 1949 vart det hausta utslåtter ved 16 000 bruk, i 1959 ved vel 4 000.

Figuren gjev eit grafisk oversyn over strukturendringane.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til Statistisk Sentralbyrå, kontoret for Jordbruksteljinga 1959, tlf. 60 71 90.

Endringar i bruksstrukturen 1949-1959



Tillegg til de internasjonale månedstabeller i Statistisk månedshefte nr. 6, 1962

Tallene er mottatt i tiden 11/7 - 17/7 1962 og er foreløpige. De vil eventuelt bli korrigert i Statistisk månedshefte. Der vil man også finne nærmere forklaringer til tallene og alle korreksjoner av eldre tall.

Tall i parentes gjelder måneden (kvartalet, uken) før.

S t o r b r i t a n n i a (tabell 77)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sysselsetting ........................ | Kol. | A | Mai | 23957 | (23877) |
| Detaljomsetningsindeks ............... | " | D | Mai | 151 | (149) |
| Øyeblikkelig rente på statsobligasjoner | " | H | Mai | 6,15 | (6,19) |
| Reuter's råvareindeks, uketall ....... | | | 9/7-13/7 | 83 | (83) |

F r a n k r i k e (tabell 78)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Produksjonsindeks, industri .......... | " | B | Mai | 205 | (203) |
| Verdi av utenrikshandelen: | | | | | |
| a. Innførsel .................... | " | C.a | Mai | 2498 | (2976) |
| | | | Juni | 3050 | |
| b. Utførsel ..................... | " | C.b | Mai | 2474 | (2962) |
| | | | Juni | 3040 | |
| Øyeblikkelig rente på statsobligasjoner | " | E | Mai | 5,15 | (5,15) |
| Engrosprisindeks ..................... | " | F | Mai | 140 | (135) |
| Konsumprisindeks ..................... | " | G | Mai | 145 | (144) |
| Timefortjeneste ...................... | " | H | 3.kvartal | 2,29 | (2,26) |
| | | | 4.kvartal | 2,35 | |

V e s t - T y s k l a n d (tabell 79)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sysselsetting ........................ | " | A | 1.kvartal | 20881 | (20797) |
| Arbeidsløyse ......................... | " | B | Juni | 87,6 | (97,9) |

B e l g i a (tabell 80)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Engrosprisindeks ..................... | " | F | Mai | 103 | (104) |
| Konsumprisindeks ..................... | " | G | Mars | 112 | (112) |
| | | | April | 112 | |
| | | | Mai | 114 | |
| | | | Juni | 114 | |

S a m b a n d s s t a t e n e (tabell 81)

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sysselsetting ........................ | " | B | Juni | 69539 | (68203) |
| Arbeidsløyse ......................... | " | C | Juni | 4464 | (3719) |
| Verdi av utenrikshandelen: | | | | | |
| a. Innførsel .................... | " | F.a | Mai | 1385 | (1374) |
| b. Utførsel ..................... | " | F.b | Mai | 1775 | (1795 R) |
| Moody's råvareindeks, uketall ........ | | | 9/7-13/7 | 90 | (90) |
| Konsumprisindeks ..................... | " | K | Mai | 112 | (112) |